


# Kommunedelplan for kultur

## Vinje kommune 2012-2021

Del II, Tiltak



”Lev, vår draum. Ver alltid like ny”

## Innhald

Del II, Tiltak.....	1
”Lev, vår draum. Ver alltid like ny” .....	1
<b>Innhald</b> .....	2
<b>Førord</b> .....	3
Del I omtalar dei seks Innsatsområda i Kommunedelplan for kultur i Vinje 2012-2021 .....	3
1 Kommunale kulturinstitusjonar og verksemdar .....	4
1.1 Bibliotek .....	4
1.2 Kulturskulen .....	6
1.3 Vinjehuset, regionalt kulturhus .....	7
1.4 Bruk og drift av andre kunstsamlingar, verk, statuar og særlege bygg Vinje kommune eig .....	8
2 Lag og organisasjonar – kunst og kultur for alle .....	9
2.1 Lag og organisasjonar .....	9
2.2 Idrett, friluftsliv og anlegg (eigen plan) .....	10
2.3 Barn og ungdom, fritid .....	11
2.4 Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT), (Eigen plan) .....	12
2.5 Folkehelse, (eigen plan) .....	12
3 Kulturarv- kulturminne- identitet .....	13
3.1 Kulturarv- kulturminne- identitet .....	13
3.2 Språk – Litteratur .....	15
3.3 Kultur og Kyrkje .....	17
4 Regionalt kulturperspektiv .....	18
4.1 Kulturårshjul .....	18
4.2 Drift av galleri, museum kommunen eig og formidling av samlingane. ....	19
4.3 Busetting og integrering av flyktingar (Eigen plan er under arbeid).....	19
5 Kunnskap og kompetanseutvikling, rekruttering, stipendordningar og prisar.....	20
5.1 Stipend, prisar .....	20
6 Særlege satsingar i planperioden 2012-2021 .....	21
6.1 Særlege prosjekt.....	21
7 Ansvar .....	22

## **Forord**

Tiltaksdelen, Del II, omtalar mål, strategiar og konkrete tiltak for kvart oppgåveområde. Mål, strategi og tiltak er utleia av og i samsvar med Kulturlovas mål og intensjonar, og forhold seg til verdigrunnlag og innsatsområde i Kommuneplan 2007-2019

### **Del I omtalar dei seks Innsatsområda i Kommunedelplan for kultur i Vinje 2012-2021**

- 1. Kommunale kulturinstitusjonar og verksemder**
- 2. Lag og organisasjonar- kunst og kultur for alle**
- 3. Kulturarv- kulturminne- identitet**
- 4. Regionalt kulturperspektiv**
- 5. Kunnskap og kompetanseauke, rekruttering, stipendordningar og prisar**
- 6. Særlege satsingar i planperioden 2012-2021**

**Del II er ein oversikt over dei ulike verksemdsområda, og ei konkretisering av mål, strategiar og tiltak for kvart område:**

#### **1 Kommunale kulturinstitusjonar og verksemder**

- 1.1 Bibliotek
- 1.2 Kulturskulen
- 1.3 Vinjehuset, regionalt kulturhus
- 1.4 Andre kunstsamlingar kommunen eig, verk, statuar, minnesmerke, særlege bygg

#### **2 Lag og organisasjonar – kunst og kultur for alle**

- 2.1 Lag og organisasjonar
- 2.2 Idrett, friluftsliv, anlegg (eigen plan)
- 2.3 Barn og ungdom, fritid
- 2.4 Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT), (Eigen plan)
- 2.5 Folkehelse (eigen plan)

#### **3 Kulturarv- kulturminne- identitet**

- 3.1 Kulturarv- kulturminne- identitet
- 3.2 Språk – Litteratur
- 3.3 Kultur og kyrkje

#### **4 Regionalt kulturperspektiv**

- 4.1 Kulturårshjul
- 4.2 Drift av galleri, museum og kunstsamlingar som kommunen eig og formidling av desse
- 4.3 Busetting og integrering av flyktningar

#### **5 Rekruttering, stipendordningar og prisar**

- 5.1 Stipend, prisar, kompetanse

#### **6 Særlege satsingar i planperioden 2012-2021**

- 6.1 Særlege prosjekt i planperioden

## 1 Kommunale kulturinstitusjonar og verksemdar

### 1.1 Bibliotek

#### Møtestad og kulturarena, læringsarena, det sosiale bibliotek

Statistikktala viser at vi i snitt ligg høgare på utlån, men noko under når det gjeld besøk i høve til Telemark og resten av landet. Det fortel at vi har eit ubruka potensiale som *møtestad*, ikkje berre som utlånsstasjon. Folkebiblioteka si rolle har endra seg frå å vera eit stille rom for individuell fordjuping, til å vera eit rom for aktivt fellesskap.

Forskning viser at *opningstidene* til biblioteka er svært viktig for at folk skal bruke dei. Det må vera tilgjengeleg når ein treng det, for det meste kveld og helg. Det bør også vera konsekvens i opningstidene, dvs at dei er så like som råd alle dagar.

Vi ser ein tendens til at barn i visse aldrar les mykje og nyttar biblioteket ofte, men at dette minkar hjå ungdom. Det er derfor viktig å arbeide for at ungdom skal fortsetje å bruke biblioteket.

#### Samarbeid med skule og barnehage – litteraturformidling

Det er viktig å ha faste og innarbeidde rutinar slik at alle, både barn og ungdom, får lik opplæring og oppfylgning i biblioteket gjennom plan for faste bibliotekbesøk, samarbeidsavtaler, og DKS.

#### Digitale tenester og digital kompetanse

Bibliotekmeldinga framhevar at folkebibliotek kan vera ein viktig *arena for digital kompetanse*. Ved å gje tilgjenge til teknologi, rettleiing og opplæring, kan biblioteket medverke til å auke digital kompetanse i samfunnet. Vinje og Vest-Telemark ynskjer å vera med i å prøve ut måtar å skape gode bibliotektenester på gjennom td sosiale media og programvare som opnar meir opp for interaktivitet med publikum.

#### Registrering og bevaring av gamle bøker

Der står nokre hyller med gamle uregistrerte bøker både på magasinet i Åmot og på dei andre to filialane. Det bør avgjerast kva ein skal gjera med desse bøkene: kva som er verdt å behalde - dette må også registrerast- og ein må syte for eit optimalt lagringsmiljø for dei bøkene som er verdt å ta vare på.

#### Biblioteket på Rauland

Lokala til filialen på Rauland er lite tilfredsstillande der dei er nå. Dei er gamle, og på to plan der kjellaren blir mørk og lite innbydande. Filialen treng eit løft, og vi bør vurdere lokaliseringa på nytt

#### **Mål:**

- Gjera biblioteket vårt til *det sosiale bibliotek* i mykje større grad enn nå
- Vera ein god litteraturformidlar, og heile tida jobbe med lesestimulering som kan påverke leseugleik og leseinteresse blant barn og unge spesielt.
- Auke den digitale kompetansen i biblioteket og legge til rette for at Vinje folkebibliotek skal bli ein arena for digital kompetanse for ulike grupper.
- Registrere gamle bøker både i Åmot, Rauland og Edland, syte for optimalt lagringsmiljø.
- Utbetre lokala til filialen på Rauland, evt flytte til eit meir eigna lokale

	Tiltak	2012	2013	2014	2015	Ansvar	Merknad
1	<b>Møtestad:</b> utvide opningstidene utbetre sitjegruppa, fleire sitjeplassar ,ev bord  utvikle eigen ungdomskrok med egna materiell (div. spel, tidsskrift) og møblering	x x  x		x		bibliotek  bibliotek  Bibliotekar/ ungdomsleiar	Behov for større stillingsressurs Krev midlar Krev midlar, søkje prosjektmidlar
2	<b>Kulturarena:</b> Teater, høgtlesing, presentasjon av bøker, temakvelder seniorretteleing, utstillingar		x	x		Bibliotek i samarb med VTMB	
3	<b>Litteraturformidling:</b> Forfattarbesøk, skrivekurs, litteraturteater, nasjonale leseaksjonar, bokprat, eventyrstund		x	x		Bibliotek, skulane, DKS	
4	<b>Samarbeid skule/ barnehage:</b> Lage samarbeidsavtale med barnehagane  Vidareføre samarbeidet med skulane jfr eksisterande samarbeidsavtale		x  x			Biblioteksjef, barnehage- leiarane  Bibliotek, skulane	
5	<b>Digitale tenestar og digital kompetanse</b>  Kurs for bibliotektilsette  Bruke sosiale medier  Rettleiing av grupper eller enkeltmenneske  Tilgjengelege og funksjonelle PC'ar og internett for publikum	x x   x	x  x	x x  x	x  x  x	Biblioteket Fylkesbibl.  Biblioteket  Biblioteket  Biblioteket	
6	<b>Programvare</b> Bytte systemleverandør	x				Biblioteka i VTM IT? Innkjøps- samarbeidet i øvre Telemark?	Må truleg ut på anbod. Må setje av pengar til innkjøp av nytt program
7	Biblioteket på Rauland, vurdere lokalitetar	x				Bibliotek	
8	Registrering og bevaring av gamle bøker			x		Bibliotek	Treng prosjektmidlar
9	Lokalisering av Folkebiblioteket i Åmot etter juni 2022					Eining for kultur	Åremålsavtala på 20 år med Coop går ut 2022.

## 1.2 Kulturskulen

Vinje kulturskule rår over 5,1 årsverk, fordelt har 9 lærarar og rektor. Det vert gjeve undervisning i gitar, bass, samspel, trommer, fløyte, piano, kveding, hardingfele, trekkspel, korpsinstrument og teater. Talet på elevar ligg stabilt på rundt 140, utgjer om lag 30 % av alle skuleungar i Vinje i 2010.

### Mål

- Å gje den einskilde elev dei beste føresetnader for å utvikle dei kunstnariske og skapande evnene sine, samt å fremje elevane si forståing og oppleving av kunst og kultur som allmennmenneskeleg uttrykksform.
- Å utvikle elevane sine instrumentale og kunstnariske dugleikar etter den einskilde sine føresetnader, slik at dei kan få ein meningsfylt og stimulerande fritidsaktivitet og eit godt grunnlag for ei seinare yrkesutdanning.
- Å skape aktive lyttarar og brukarar som er i stand til å velje og vurdere innanfor det mangfaldet av musikk- og kulturtilbod som finst i dagens samfunn.
- Å vera ein ressurs for resten av skuleverket og kulturlivet i arbeidet med å gje opplæring i og fremje forståing og interesse for kunst og kultur i lokalmiljøet.

### Strategi

- Å utvikle kulturskulen til å bli eit lokalt ressurscenter for kunst og kultur i kommunen

	Tiltak	2012	2013	2014	2015	Ansvar	Merknad
1	Arbeide for å få auka resursar for å få elevplass til alle som ynskjer det	x få ned vente- lista på gitar og tromm e	x	x		Kulturskulen	Vekk med ventelista.
2	Faste samarbeidsprosjekt med skulane i Vinje	x	x	x	x	Kulturskulen grunnskulane i Vinje	
3	Prosjekt med barnehagane i Vinje		x		x	Kulturskulen og barnehagane	
4	Bygge opp fleire rockeverkstader	x	x	x	x	Kulturskulen	
5	Samlokalisering i Vinjehuset av kulturskule og møtestad for ungdom	x	x			Fritidsleiar og Kulturskule	Jfr plan for bruk av areal 2010

### 1.3 Vinjehuset, regionalt kulturhus

#### Mål

- Kulturhus med breidde og kvalitet på kunst og kulturtilbod til "alle"
- Kulturhus som stettar dei krav samarbeidande tilbydarar og faginstusjonar set til lyd, lys, service
- Kulturhus med nødvendig utstyr for lokale for kunst- og kulturaktivitetar
- Tilsette med kompetanse på dei områda huset skal yte tenester på
- Serviceinnstilt vertskap
- Eigen kulturhuskoordinator

#### Strategi

- Legge til rette for allsidig aktivitet
- Gratis møterom for medlembaserte lag ved tilskippingar med fritt tilgjenge

	Tiltak	2012	2013	2014	2015	Ansvar	Merknad
1	Sak som greier ut resursbehov og drift av Vinjehuset	x				ØPU /Eining for kultur	Etter avtale med rådmann og ØPU
2	min 2 framsyningar ved Teater Ibsen i året min. 2 framsyningar i året ved Riksteatret	x	x	x	x	Eining for kultur/koordinator	Ta opp att samarbeid med Teater Ibsen Riksteatret
3	Studiesenter	x	x	x	x	Tenestetorget	studieleiar
4	Vestibyle konsertar, 2-3 vår og haust	x	x	x	x	Kulturskolen	
5	utstillingar i året i galleri Liti	x	x			Rauland kunstfor.	Treårig avtale , Kulturårshjulet
6	Kino ein gong i veka	x				Norsk bygdekino/	
7	Kulturskuleundervisning	x	x	x	x	Kulturskulen	
8	Kiosk og kjøkkendrift, ope alle kvardagar	x	x	x	x	Eining for kultur/kultur husdrivar	Opningstider vil bli avklara i sak om drift av Vinjehuset
9	Messer Konfirmantførebuingar					Kyrjekontor Vinje-Nesland sokneråd	
10	Frivilligsentral, førebuing Etablere tilbodet	x	x	x	x	Helse/kultur	Søknad sendt 2011
11	Oppdaterte og vel utstyrt idrettshall, symjehall					Kommune og Vinje idrettslag	
12	Velutstyrt styrketreningsrom	x				friskvern	
13	Større konsertar to gonger kvar haust og vår	x	x	x	x	kulturhusdriv	

## 1.4 Bruk og drift av andre kunstsamlingar, verk, statuar og særlege bygg Vinje kommune eig

### Mål

- Skaffe ein oversikt over kunst, samlingar, statuar, minnesmerke kommunen eig og har ansvar for
- Nytte kunstverk og samlingar som naturlege og integrerte utsmykkingselement i offentlege kommunale bygg og uterom

### Strategi

- Gjera samlinga tilgjengeleg på nett
- Lage ei gåvebok med eit utval av kunstsamlinga
- Bruke bok og registreringar i skulesamanheng, reiseliv, marknadsføring, omdømmebygging
- Aktualisere samlingane i samband med jubileum, merkedagar, temasamlingar

	Tiltak	2012	2013	2014	2015	Ansvar	Merknad
1	Harald Kihle samlinga, permanent bruk og som utlån til utstillingar	x	x	x	x	Nærstyret for Vinje Biletgalleri/VTM	Eldresenter Åmot, og VTM
2	Arbeid av Sigmund Lystrup: 1) Draumkvedet, pastellar, Edland samfunnshus	x	x	x	x	TDV/Kult	Edland samfunnshus
	2) 13 verk i blanda teknikkar, Vinjehuset	x	x	x	x	TDV/kult	Gåve til Vinje kom. frå fam Lystrup 2008
3	Olav Vaagen, kunstsamling						Gåve til Vinje kom. deponert ved Raulandsak. - lokalhistorisk arkiv
4	Svallaug Svalastoga, kunstsamling	x	x	x	x	Nærstyret Dyre Vaa	Deponert ved Dyre Vaa samlingane
5	Borgny Farstad Svalastog, 10 par glass-sko "Jeg er ikke no tess til å gå"	x	x	x	x	Eining for kultur	Vinjehuset
5	Gåve frå Eivind Ljosåk: Bunad, og andre tradisjonelle tekstilar til studiebruk	x	x	x	x	Kommunen v/HiT	Gåve til Vinje . deponert ved HiT
6	Nystogsamlinga, (tradisjonelle tekstilar og utstyr)vurdere bruk og formidling på nett	x	x			Eining for kultur VTM	Bruk og lager må vurderast på nytt
7	"Kommunens Kunstsamlingar" Fotografere og registrere kunst, verk, samlingar,statuar kommunen eig	x				Eining for kultur	Dokumentasjon av kunst som kommunen har kjøpt eller fått i gåve. Produsere ei gåvebok som viser eit utval
	Gjera samlinga tilgjengeleg på nett		x			"	
	Etablere rutiner for vedlikehald og tilsyn		x			"	
	Lage ei gåvebok av eit utval med tanke på marknadsføring av kommunen		x				
8	Oppgangssaga i Fundlibekken, temadag	x	x			Eining for kultur i samarbeid med Rauland historielag	Natur og kulturvandringar i Kulturårshjulet 2011-12-13
	Inngå bruksavtale med grunneigarane	x					
	Vurdere innlemming i Avtale om konsoliderte museum ved fornying av avtala 2013		x				

## 2 Lag og organisasjonar – kunst og kultur for alle

### 2.1 Lag og organisasjonar

Vinje har mange lag og stor friviljug verksemd.

Laga brukar samfunnshusa kostnadsfritt til møteverksemd og aktivitetar som er gratis. Det betyr ei monaleg indirekte støtte til laga. Låg driftskostnad for laga, gjer at små lag kan vera aktive. Kulturpolitisk har ein med det valt ein brukarvenleg profil. Det gjev eit breiare kulturtilbod, og ved det er fleire med på å fylle målet om at alle skal kunna oppleve og delta i kunst og kulturaktivitetar.

#### Mål

- Alle skal kunna delta i kulturaktivitetar
- Alle skal kunna oppleve eit mangfald av kulturaktivitetar
- Mangfald i samla kunst og kulturverksemd

#### Strategi

- halde fast på gratis bruk av møterom til lagsmøte og aktivitet som er gratis
- lågkost profil på bruk av idrettsanlegg, hallar og basseng
- støtte til drift av laga på grunnlag av søknad med årsmelding og budsjett, 1.mai midlar
- utarbeide ein tydelegare strategi i høve til frivillig sektor

	Tiltak	2012	2013	2014	2015	Ansvar	Merknad
1	Kontakt og informasjonsmøte for lag og organisasjonar ei gong i året	x	x	x	x	Eining for kultur	
2	Lyse ut og tildele av kulturmidlar	x april- mai	x april- mai	x april- mai	X april- mai	Eining for kultur	
3	Legge til rette for at laga har egna hus og anlegg for dei ulike aktivitetane	x	x	x		TDV/kultur	
4	Syte for teknisk utsyr, lys, lyd, data	x	x	x		TDV/Kult	
5	Støtte til grendehus, greiast ut i eiga sak		x			TDV	
6	Utarbeide strategi i høve til frivillig sektor	X				Kultur	

## 2.2 Idrett, friluftsliv og anlegg. (eigen plan)

” Idrett og Friluftslivplan Vinje kommune 2010.2014” har ein eigen utfyllande handlingsplan som gjeld anlegg i kommunen. Tiltaka nemnde under er eit utval av tiltak i denne planen.

Idrettslaga aktiviserar veldig mange barn og unge i kommunen. Den friviljuge innsatsen er svært stor.

### Mål:

Vinje kommune vil leggje til rette for idrett og friluftsliv for alle. Kvar bygd skal i størst mogleg grad ha tilgang til trygge leikeareal, stader, hus og uterom som gjev moglegheit for fysisk aktivitet og friluftsliv.

### Strategi:

- Få fleire med både som trenarar og dugnadsarbeidarar
- Idrettskoordinator
- Strengare behovsprøving og brukarundersøkingar
- Nye nærmiljøanlegg skal primært leggest til skular og barnehagar
- Dei større ordinære anlegga skal lokaliserast til kommunesenteret
- Kommunen satsar på rehabilitering av eksisterande anlegg
- Det skal takast omsynt til ytre tilhøve som klima og natur
- Turvegar og løypenett skal sikrast og utviklast
- Kommunal støtte til lag og organisasjonar som arbeider aktivt for eit betre oppvekst- og nærmiljø
- Godt samarbeid med idrettsrådet

	Tiltak	2012	2013	2014	2015	Ansvar	Merknad
1	Kurse ungdomar/utdanne instruktørar	x	x	x	x	Idrettslaga, IR, i samarbeid med kommunen	Det er stadig behov for fleire trenarar og rekruttering
2	Initiativtakarar må legge fram grundig dokumentering for trongen av nye anlegg	x	x	x	x	Idrettslaga og kommunen	
3	Anleggsprosjekt skal vurderast av Vinje Idrettsråd (IR)	x	x	x	x	IR og kommunen	
5	Samarbeid mellom lag og organisasjonar om bruk, bygging og vedlikehald av anlegg	x	x	x	x	Idrettslaga og IR	
6	Idrettsrådet har kommunalt tilsett sekretær	x	x	x	x	Kommunen	Ungdoms- og fritidsleiar er sekretær
7	Idrettsrådet uttalar seg i samband med rullering av handlingsplandelen og prioritering av spelemiddelsøknadar	x	x	x	x	Kommunen	
8	Idrettsrådet førebur sak om kommunal idrettskoordinator	x				IR	Dette vil krevje ressursar eller omprioritering

## 2.3 Barn og ungdom, fritid

### Mål:

- Kommuneplanen seier at born og unge i Vinje skal ha trygge og utfordrande oppvekstvilkår, og eit kulturtilbod som fannar breitt
- Trivsel og god oppvekst aukar sjansane for at folk flyttar heim att

### Strategi:

- Utvikle gode, trivelege møtestader for ungdom
- Legge til rette for aktivitetar i nærmiljøa til barn og unge
- Kommunen er tilretteleggar, men aktivitetane må utførast av dei unge i samarbeid med føresette/lag og organisasjonar. Ein ynskjer i hovudsak å støtte opp om aktiviteten til lag og organisasjonar
- Særlege arrangement og kulturtilbod blir lagt til Vinjehuset
- Styrke kontakt og dialog med ungdomane gjennom sosiale media

	Tiltak	2012	2013	2014	2015	Ansvar	Merknad
1	Lage ein ungdomskrok på biblioteket i samarbeid med biblioteket	x				Ungd.fritidsleiar og biblioteksjef	Har søkt eksterne midlar
2	Opprette facebookside for å kommunisere med ungdom.	x				Ungd.fritidsl eiar	
3	Samle og betre informasjonen om stønadsordningar, moglegheit for lån av utstyr, hjelp til marknadsføring, tilrettelegge, og gje oppstarthjelp. Synleggjera kva me kan og ikkje kan bidra med	x				Ungd.fritidsl eiar	
4	Sommarleir for barn og unge					Eining for kultur	Kultur betalar dette i 2011. Må vurdere om ein skal fortseta med dette tilbodet.
5	Disco på rullering for ungdomsskulen	x	x	x	x	Ungd.fritidsleiar i samarbeid med miljøarbeider	Miljøarbeidaren har 20% stilling og brukar noko av denne til å vera med på desse kveldane. Ein håpar å kunne fortseta med dette
6	Utvikle Vinjehuset som møteplass i samarbeid med Kulturskulen	x				Kultur/TDV	Ein ynskjer å nytte underetasjen på Vinjehuset til kulturskule og møteplass.
7	Jobbe fram møteplassar i samarbeid med friviljuge og næringsliv.		x			Eining for kultur saman med initiativtakarar	

## 2.4 Samordning av lokale rus- og kriminalitetsforebyggjande tiltak (SLT), (Eigen plan)

### Mål:

- Sikre barn og unge trygge oppvekstvilkår.

### Strategi:

- Samarbeide på tvers av instansar
- Sette iverk tiltak som verkar kriminalitets- og rusforebyggjande, og som hindrar framvekst av åtferdsproblem og utvikling av psykiske problem blant barn og unge.

	Tiltak	2012	2013	2014	2015	Ansvar	Merknad
1	Eigen undervisningsplan for skular og barnehagar	x	x	x	x	Nærmiljøgruppa i SLT saman med barnehagane og skulane	Det er laga ein eigen plan som tek opp ulike aktuelle tema
2	Faste møte mellom dei ulike einingane og institusjonane	x	x	x	x	SLT-koordinator	
3	Oppmode føresette til å starte natteramngruppe	x				Arbeidsgruppe på v/koordinator	Det er ynskje frå Dalen at det stiller natteramnar frå Vinje også, på ulike arrangement
4	Turar og arrangement på tvers av skulane	x	x	x	x	Skulane	
5	Auke sosial kompetanse med hjelp av ART i skulane	x	x	x	x	Skulane v/ rektor	
6	Etablere rutinar for overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande	x				Skulane v/ rektor	

Undervisningsplanen og tiltaksplanen er meir detaljert . Nokre punkt under barn og ungdom høyrer også saman med SLT, som disco og sommarleir

## 2.5 Folkehelse, (eigen plan)

Folkehelsesatsinga vert utgreidd i eigen plan i 2012

### Mål

- Viser til eigen plan

### Strategi

- Viser til eigen plan

	Tiltak	2012	2013	2014	2015	Ansvar	Merknad
1	Plan for arbeidet	x					
2	Frivilligsentral						Søkt midlar 2011

### 3 Kulturarv- kulturminne- identitet

#### 3.1 Kulturarv- kulturminne- identitet

Kulturlova definerer kulturminne som: ”alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, medrekna lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til.”

Forvaltning av kulturminne er i praksis ei stor kommunal oppgåve som grip inn i fleire einingar sine arbeidsområde. Vinje kommune har inga eiga stilling til kulturminnefaglege oppgåver. Ansvar er delt mellom ulike einingar. Oppgåvene er mange, resursane få.

Miljødepartementet ved Riksantikvaren, har ansvar for den statlege kulturminnepolitikken.

Mange oppgåver er delegert til kulturminneforvaltninga i fylka. SNO har tilsynsansvar.

#### Mål:

- Etablere ei samla oversikt over kulturminne i Vinje kommune
- Gjera eit utval av kulturminne og kulturlandskap tilgjengelege
- Kulturminna, frå ”plunder og bry” til ”resurs” i stadutvikling
- Kunnskapsauke, overføring av kunnskap til kommunalt tilsette, politikarar
- Styrka medvet hjå barn, unge, innbyggjarar om vårt eige samfunn og historie
- Verktøy i sakshandsaming
- Kulturminne og kulturlandskap bli integrerte element i kommunale planar, særleg planar som omhandlar stadutvikling og reiseliv


#### Strategi:

- Søke deltaking i prosjekt Riksantikvaren inviterer til
- Samarbeidsprosjekt på tvers av fag og einingar om prosjekt som tar utgangspunkt i kulturminne, td Pilegrimsleia Seljord-Røldal, Vandraren A.O.Vinje, Oppgangsgag og handlingsboren kunnskap
- Kulturminne som prosjekt i den lokale barnehage-skulesekken
- Tilby kurs for lag og organisasjonar som har interesse for kulturminne og registrering
- Søkje om eksterne midlar til aktuelle prosjekt
- Årleg kontaktmøte med Kulturminneforvaltninga på Tfk

	Tiltak	2012	2013	2014	2015	Ansvar	Merknad
1	Kulturminneplan, politisk sak	x				Kultur og ØPU, innlemmast i kommunen sin planstrategi	Avklare ansvarstilhøve og resursar ein treng for å utarbeide kulturminneplan
2	Konsoliderte museum, vurdere ny avtale 2013		x				Vurdere aktuelle endringar i avtala om konsoliderte museum
3	Natur og kulturvandringar kvar laurdag i juli – august	x	x	x	x	Kultur i samarbeid med lag/org	Natur og kulturvandringar
4	Lokalhistorisk arkiv, vurdere framtidig organisering og lokalisering		x				Vurdere organiseringa i samband fornying

							av avtale om konsoliderte museum
5	"Rydd eit kulturminne", treårig prosjekt DKS	x	x	x	x	Alle skular	Alle skular
6	Pilegrimsleia Seljord- Røldal, ei dagsvandring, vurdere som treårig prosjekt i DKS	x	x	x	x	Prostidia-kon -kultur	
7	Språkåret 2013, kunst og kultur prosjektet ORD-URO-BROT-BRO Forprosjekt  Oppstart hovudprosjekt ORD-URO-BROT-BRO	x				Nynorsk Kultursentrum, VTM, kultur	Samarbeid med Nynorsk kultursentrum, VTM, Nærstyret, Kyrkja m fl Prosjektet vil vare ut planperioden
8	Vinjejubileum 2018- Vinjesenter 2018, politisk sak			x		Vinje kommune, Nynorsk kultursentrum, VTM	To hovudfokus: 1)Språkleg kulturarv - samtidig 2) Vandraren A.O.Vinje Opning 2018
9	Årleg kontaktmøte med kulturminneforvaltinga i Tfk	x	x	x	x	Eining for kultur	Tfk
9	Årleg kontaktmøte med SNO	x	x	x	x	Eining for kultur	Etter avtale med SNO

### 3.2 Språk – Litteratur



Frå samlinga Kirkor Minassian, frå 2041-2040 BC.

**Kileskrift** er ei form for skrift som blei bruka av fleire folk i Orienten i oldtida. Ho vart kalla så fordi tegna hadde form som spissar og vinklar. Ei rekke ulike oldtidsspråk vart skrive med denne skrifta. Skrifta var til bruk i handel. Kileskrifta hadde omkring 600 tegn. (Wikipedia)

”**Litteratur** (frå latin «skrift, skriftleg framstilling» av *littera*, det vil sei «bokstav») eit omgrep som omfattar eit breitt spekter av menneskelege ytringar. I ei vid forståing av litteratur er det alle menneskelige ytringar som har manifestert seg som tekst og ikkje nødvendigvis utgjeve på eit forlag; dikt, roman, sakprosa, manuskript for film og TV, vandrehistorier, eventyr, og liknande.” (omsett frå Wikipedia)

Språk og litteratur kan vera og har vori så mangt. Teikn og bruk av forenkla meldingar er ikkje nytt, berre media, reiskap og teknikk. I lokale prosjekt KK 202 2021 legg opp til, ynskjer ein halde ei open line og tilnærming til vidare satsing på litteratur og språk.

**Mål:**

- Bruke litterær kulturarv som kjelder til nyskaping
- Eit velfungerande morsmål som kompetanse for alle innbyggjarar
- Nynorsk som målform i all off. sakshandsaming og marknadsføring
- Nynorsk målform som konkurransefordel i marknadsføring og reiselivssamanheng

**Strategi :**

- Språkleg mangfald i Vinje i dag som kjelde for å utvikle språkinteresse blant barn og unge
- Litteratur, språk, ord, som del av kunst og kulturprosjekt
- Styrka bibliotektenester

	Tiltak	2012	2013	2014	2015	Ansvar	Merknad
1	Styrka bibliotek					bibliotek	Sjå p 1.1
2	Vidareføre Litteraturdagane i Vinje	x	x	x	x	Styret for Litteraturdagane og kultur	Kulturårshjul
3	Bruke språk som DKS prosjekt	x	x	x	x	Eining for kultur	Plan for DKS
4	Utforme kunstprosjektet ”ORD-URO-BROT-BRU”	x				Eining for kultur i samarbeid med Nynorsk kultursentrum, VTM mfl	språkmangfald vil vera sentral del av prosjektet
	Gjennomføre prosjektet ”ORD-URO-BROT-BRU”		x	x	x		hovudprosjektet vil vare ut heile planperioden
5	Pilot prosjektet Kart- Stadnamn	x				Tenestetorget /ØPU/kultur	Dokumentasjon, omdømebygging
6	Vinjejubileum 2018, må greiast ut som eiga politisk sak		x			Eining for kultur i samarbeid med Nynorsk kultursentrum, VTM, nærsyret for Vinjestoga mfl	Med mål om opning 2018  Drøftingssak på årsmøte til Litteraturdagane i Vinje 2012
7	Plan for og kurs i bruk av nynorsk i kommunen	x				OAI	omdømebygging
8	Formidling av litteratur og poesi	x	x			Kultur/bibliotek/frivillig	Fritt ord prosjekt

### 3.3 Kultur, kyrkje og livssyn

#### Mål

- Auka kunnskap om kyrkja som stad for kulturutøving
- Auka kunnskap om kyrkja si rolle som kulturberar innan ulike kunstarter som song, musikk, litteratur, arkitektur, utsmykking og gjenstandar, forvaltar av materiell og immateriell kulturarv
- Auka kunnskap om kristen humanistisk kulturarv og tradisjon som resurs i møte med andre kulturar og truslytringar

#### Strategi

- Samarbeide med det nyoppretta Kulturutvalet i kyrkja
- Samarbeidsavtale gjennom Kulturårshjulet
- Samarbeide om DKS prosjekt
- Ha kjennskap til Kirkens kulturmelding 2005: "Kunsten å være kirke"

	Tiltak	2012	2013	2014	2015	Ansvar	Merknad
1	Temasamlingar i kyrkjene og på kyrkjegardane	x	x			Sokneråd og kulturutval	Kulturårshjul
2	"Dagsvandring for skular langs pilegrimsleia" Vinje sokn 2011 DKS	x	x			Prostidiakon, kulturrådgjevar Agder bispedøme, kultur	Prøveår 2011
3	Delta på møte med Kyrkja sitt kulturutval ei gong årleg					Eining for kultur	Kjenne til meldinga: "Kunsten å være kirke 2005"

## 4 Regionalt kulturperspektiv

### 4.1 Kulturårshjul

Kulturårshjul, eit samleomgrep for avtalebasert samarbeid mellom Eining for kultur og lag, organisasjonar og institusjonar. Støtta, dels tilskot, dels underskotsgaranti, utgjer kr 295 000 i 2010

#### Mål

- Kunst og kulturtilbod til "alle"
- Langtidsplanlegging og heilskapstenking kring kunst og kulturaktivitetar i kommunen
- At tilskippingar skjer ulike stader, til ulike tider rundt om i kommunen
- Breidde og variasjon i tema i det samla kunst og kulturtilboda
- Fremme samarbeid mellom kommune, private, lag og institusjonar i kommune og region
- Fremme samarbeid innbyrdes mellom kunst- og kulturaktørar i kommune og region
- Gje samarbeidspartar kjende vilkår
- Skaffe grunnlag for attendemeldingar om bruk av kulturmidlar til politikarane

#### Strategi

- Klare samarbeidsavtaler mellom kommune, frivillige lag og kulturinstitusjonar.
- Utvikle kultur for samarbeid ved å inngå gjensidig forpliktande avtaler
- Bygge tillit mellom samarbeidspartar og definere felles mål
- Skape rom for prosjekt og utprøving av idear

	Tiltak	2012	2013	2014	2015	Ansvar	Merknad
1	Avtalepartar 2011-2012-2013: 1) Folkemusikkscena på Rauland 2) Vinterfestivalen , Høgskolen Rauland 3) Rauland kunstforening 4) Vinje Handverkslag 5) Vinje kyrkjelege fellesråd 6) Vinje Folkeakademi 7) Prostidiakonaten i Telemark 8) Snoformingsfestivalen 9) Litteraturdagane i Vinje 10) Haukeliseterfestivalen 11) Natur og kulturvandringar i Vinje, eit samarbeid med 11 lag og fageiningar: • Støttelag for Øyfjell bygdemuse • Rauland historielag • Nærstyret for Vinjestoga • Statens Naturoppsyn, Skinnarbu • Vinje Turlag • Sullamrei historielag • Vinje idrottslag • Vinje grendelag • Smørklepp grendelag • Nærstyret for Vinje Biletgalleri • Idrettslaget Dyre Vaa	x	x			Kultureinga i samarbeid med dei ulike samarbeidspartane	Innhald, omfang og økonomi er omtala i kvar av Intensjonsavtalene
2	Eit årleg kontakt og drøftingsmøte	x	x	x		kultur	
3	Ei årleg temasamling	x	x	x		på omgang	Første gong 2011
4	Inngå ny avtaler 2014-2015-2016			x	x	Eining kultur	

#### 4.2 Drift av galleri, museum kommunen eig og formidling av samlingane.

Vinje kommune har slutta seg til ordninga konsoliderte museum, og har femårig avtale med VTM om drift og formidling av tre museum og tre galleri, gjeld fylgjande einingar: Vinje Biletgalleri, Skinnarland-samlingane, Dyre Vaa samlingane, Vinjestoga, Myllarheimn, Øyfjell bygdemuseum. Avtala går ut 2013. Oppgangsgaga i Fundlidbekken og Forsvarsmuseet er utanfor i ordninga i denne avtaleperioden.

#### Mål

- auka fokus på kvar stad sitt faglege innhald når det gjeld formidling
- styrka kunstfagleg kompetanse i kommune/region
- bruke anlegg og samlingar som fagleg resurs inn i relevante prosjekt i skular og utdanningssamanheng, og som stader for oppleving for innbyggjarar og tilreisande
- etablere eit Regionalt kunstmuseum, ein "kraftstasjon" for eldre samlingar og samtidskunst

#### Strategi

- tilgang på museums- og kunstfagleg kompetanse ved kaup av tenester av VTM til drift og formidling av 6 museum og galleri
- temadagar i samarbeid med nærstyra, aktuelle faginstusjonar og VTM

	Tiltak	2012	2013	2014	2015	Ansvar	Merknad
1	Fylgje opp avtala kommunen har med VTM om konsoliderte museum.  Evaluerer, vurderer endringar og fornying av Avtale om konsoliderte museum	x	x			Eining for kultur  Eining for kultur og rådmann	5 årig driftsavtale som gjeld ut 2013
2	Samlokalisering av Skinnarlandsamlingane og Dyre Vaa med samtidskunst i eit Regionalt kunstmuseum på Rauland, eiga sak	x				Rådmann legg fram sak	
3	Temadag ved Vinjestoga	x	x			Eining for kultur og nærstyret	Natur og kulturvandringane i Kulturårshjulet
4	Temavandring gjennom Smørklepp med konsert på Vinje Biletgalleri	x	x				Natur og kulturvandringane i Kulturårshjulet
5	Temadag med utgangspunkt i Myllarstoga		x			Eining for kultur, Rauland historielag og nærstyret Myllarstoga	Natur og kulturvandringane i Kulturårshjulet
6	Vurdere å innlemme Oppgangsgag og Forsvarsmuseet i Avtale om konsoliderte museum når ny avtale skal gjerast		2013			Rådmann	
7	Kontaktmøte med Nærstyra vår og haust	x	x	x	x	Eining for kultur	

#### 4.3 Busetting og integrering av flyktningar (Eigen plan er under arbeid)

## 5 Kunnskap og kompetanseutvikling, rekruttering, stipendordningar og prisar

### 5.1 Stipend, prisar

#### Mål

- Rekruttere og verdsette utøvarar
- Stimulere til kunst og kulturutøving
- Støtte til profesjonelle utøvarar i Øvre Telemark
- Vitalisering av kunstsamlingar

#### Strategi

- At prisar og merksemd skal gje lyst til skapande arbeid
- Gjennom samarbeid med TKS og andre kommunar få til ordninga kunststipend for profesjonelle utøvarar i Øvre Telemark
- Auka kunnskap aukar innhald og kvalitet på formidling
- Satse på "Årets kunstnar" som eit årvisst tiltak

	Tiltak	2012	2013	2014	2015	Ansvar	Merknad
1	Kultur og idrettsstipend, utlysing og tildeling	x	x	x	x	Eining for kultur	
2	Kulturpris, utlysing og tildeling	x	x	x	x	Eining for kultur	Tildelt kvart år sidan 1985
3	Interkommunalt samarbeid om Kunststipend for profesjonelle utøvarar i Øvre Telemark, Vinje sin del kr 2000, stipendstorleik kr 10 000	x	x	x	x	Eining for kultur	
4	Fylgje opp ordninga kunstnarløn (2)					Eining for kultur	Vedtak og å avvikle ordninga ved naturleg avgang
5	Samarbeid med VTM om utvikling av kunstfagleg kompetanse i regionen	x				Arb.gruppa for regionalt kunstmuseum	Samarbeid med HiT
6	Årets kunstnar	x	x	x	x	Eining for kultur	

## 6 Særlege satsingar i planperioden 2012-2021

### 6.1 Særlege prosjekt

Kunst og kulturliv endrar seg i takt med at behov, ytre situasjonar, nasjonale føringar og trendar endar seg. Det byr på utfordringar, men og mogleghetar for dei ulike verksemdene.

Språkleg og litterær kulturarv, kulturminne, kunstarv og samtidskunst er område KK 2012-2021 initierer særlege prosjekt og satsingar på. Språkåret 2013 –språkleg mangfald og Vinjebileum 2018 er såleis hendingar som høver godt inn i planperioden.

Trass i Vinje si rolle og omdømme som ein sterk kulturaktør, svarar ikkje alltid det ein ser når ein køyrer inn og gjennom kommunen til forventningane mange har. KK 2012 -2021 vil starte ein endringsprosess, og legg opp til at det vert utarbeidd ein estetisk plan for Vinje kommune slik Retningsliner for utsmykking legg opp til. KK 2012-2021 initierer fleire særlege prosjekt, somme tidsavgrensa, somme langsiktige. Her inngår også vidareutvikling av Vinjehuset som regionalt kulturhus. KK 2021-21 legg opp til auka satsing på kunst og kultur i planperioden. Dei særlege prosjekta planen legg opp til, krev meir resursar og fleire samarbeidspartar.

	Tiltak	2012	2013	2014	2015	Ansvar	Merknad
1	Vinjehuset som regionalt kulturhus, sak som greier ut drift og resursbehov	x	x	x	x	ØPU kan bistå kultur i saka	Etter avtale med rådmann og ØPU v/Jan Myrekrok
2	Kulturminneplan, sak som greier ut resursar, mandat, rammer	x				Einingsleiar kultur	Må innlemmast i Vinje kommune sin planstrategi
3	Regionalt kunstmuseum Rauland, sak 2012 som avklarar vidare framdrift	x				rådmann	Drøfting av samlokalisering og evt. nybygging av kunstmuseum i Rauland
4	”ORD-URO-BROT- BRU” prosjektmidlar frå KORO/URO til å førebu hovudprosjekt 2011  Utforming av prosjektet vidare, og søknader om eksterne prosjekt midlar for å gjennomføre prosjektet  Oppstart og gjennomføring av prosjektet	x				Eining for kultur, Nynorsk kultursentrum, VTM	Andre aktuelle samarbeids partar: Liv i Vinje, Vinje skule, Vinje kyrkje
5	2018, Vinjesenter , eit vitesenter for litterær og språkleg kulturarv og samtidslitteratur, forteljning, litterær og fysisk vandring					Vinje kommune, Nynorsk kultursentrum, VTM	samtaler med Nynorsk kultursentrum i gang, mål om opning 2018
6	Vinjestipend, medrekna bustad og atelier/verkstad , vurderast i samband med prosjekta Regionalt kunstmuseum og Vinje senter 2018		x		x	rådmann	Som fellesverkstad for andre utøvarar og kulturskule
7	Estetisk plan for Vinje kommune	x				rådmann	Må innlemmast i Vinje kommune

								sin planstrategi

## 7 Ansvar

Rådmannen og einingsleiar for kultur har ansvar for at tiltaka vert sette i gong og gjennomførde ifylgje planen.

Politikarane prioriterer og løyver midlar til drift og tiltak nemnde i planen i samband med budsjetthandsaminga.

Planen vert rullert i samband med einingas årsmelding og verksemdsplan.

Eininga rapporterer på tiltaksplanen i dialogmøta.

